


# Tertialrapport pr. 31. august 2022



**STRYN KOMMUNE**

---



## Innhold

Føreord .....	3
Oppsummert status pr. 2. tertial 2022 .....	3
Totaloversikt økonomi .....	4
Sjokefråvær .....	5
Status investeringsprosjekt pr. 2. tertial .....	7
Andre investeringar .....	7
Sjølvkost .....	10
Folketalsutvikling pr. 2. Kvartal 2022 .....	11
Kommunen sine tenesteområder .....	11
Sentraladministrasjon .....	11
Status økonomi.....	11
Kommentar til status økonomi – dei enkelte tenesteområda.....	12
Status økonomiplantiltak .....	13
Skule og kultur.....	13
Status økonomi.....	13
Kommentar til status økonomi.....	13
Status økonomiplantiltak .....	14
Helse og sosial .....	15
Status økonomi.....	15
Kommentar til status økonomi.....	15
Status økonomiplantiltak .....	17
Samfunnsutvikling .....	18
Status økonomi.....	18
Kommentar til status økonomi.....	18

## Føreord

Kommunestyret skal, ifølge vedteke økonomireglement, handsame følgjande rekneskapsrapportar i løpet av året:

1. Tertialrapport pr. 30. april
2. Tertialrapport pr. 31. august
3. Årsrekneskapen pr. 31. desember - innan 31. juli

I rekneskapsrapportane skal det kome fram om drifta er innanfor dei vedtekne budsjetttrammene. Dersom det ikkje er tilfelle, må det setjast i verk tiltak for å oppretthalde budsjettbalansen, jfr. kap. 2.3 i økonomireglementet.

Stryn kommune brukar "Framsikt" som rapporteringsverktøy. Etterkvart som administrasjonen er blitt kjende med verktøyet, har dette blitt ei god og effektiv støtte for styring og oppfølging gjennom året. Administrativt har "Framsikt" blitt eit godt og oversiktleg verktøy for analyse, planlegging, budsjettering og rapportering - og også politikarane har fått betre høve til innsikt og medverknad. I rapporteringsmodulen har ein fått på plass god og oversiktleg tertial- og årsrapportering frå kommunedirektøren til kommunestyret, der rapportane er gjort tilgjengelege også elektronisk/digitalt. Vi har ein kontinuerleg prosess for å utvikle og forbetre rapporteringa med omsyn til innhald og utsjånad.

Tertialrapporten inneheld formell rapportering av status både for drift og investering og vi viser til taloppstillingar og kommentarar frå dei enkelte sektorar og ansvarsområde.

## Oppsummert status pr. 2. tertial 2022

Driftsbudsjettet for 2022 vart i desember 2021 gjort opp og vedteke i balanse utan nemneverdig bruk av disposisjonsfond. I budsjettet er det lagt til grunn ein samla løns- og prisvekst på 2,7% i 2022. På inntektsida var det lagt til grunn ei forventning om grovt sett uendra nivå på frie inntekter (rammetilskot og skatteinntekter) frå 2021 til 2022 - basert på statsbudsjett, øvrige prognosar frå staten og KS. I tillegg er det i budsjettet forutsett ei effektivisering av drifta i kommunen, utover staten sitt generelle effektiviseringskrav, på MNOK 3,5. Dette var nødvendig for å klare å lande eit budsjett for 2022 i balanse.

Kommunestyret vedtok budsjettendringar i driftsbudsjettet både på inntekts- og kostnadssida i september 2022. Store bevegelsar i dei samla frie inntektene i tillegg til vesentlege avvik på større kostnadspostar vart justert i balanse. Det er fortsatt vår vurdering at driftsrekneskapen for 2022 skal kome ut i balanse, men det er "små marginar" og det krev tett kostnadsoppfølging og -fokus resten av året også. Tertialrapporten pr. august tek omsyn til eventuelle periodiseringseffektar av budsjettendringane beslutta i september.

Dei to første tertiala har kostnader til drift samla sett halde seg innanfor periodisert budsjett. Vi opplever likevel fortsatt avvik innanfor sektorane, avdelingane og dei ulike ansvarsområda. Dei store utfordringane innanfor helse- og omsorgssektoren når det gjeld kostnad til vikarar, er kjent og forklarar mykje av avvika i sektoren. Det er generelt heilt nødvendig med stor fokus på kostnadskontroll resten av året og det blir arbeidd godt med igangsette prosessar og prosjekt som har mål om å vise igjen i rekneskapen ved årets slutt. Dette gjeld ikkje minst målet om å redusere det fortsatt høge sjukefråveret.

Ein krevande prosess som foreløpig ikkje viser vesentlege positiv tal. I tillegg blir kostnadssida i heile organisasjonen analysert med tanke og mål om å avdekke moglege, permanente innsparingsområder. Målet er å få etablert eit "sunnare" driftsnivå, som ikkje må gå på bekostning av forsvarleg kvalitet på tenestene våre. Hovudmålet er å kvart år klare å produsere positive netto driftsresultat og dermed skape større handlingsrom i økonomien gjennom størrelsen på disposisjonsfondet.

Det er krevjande tider både internasjonalt og i Norge. Internasjonal uro har bidrege sterkt til stor prisvekst, raskt veksande rentenivå og behov for innstramningar i den nasjonale økonomiske politikken. Dette vil påverke kommunen sin økonomi og innebere ytterlegare behov for kostnadsreduksjonar og -kontroll innanfor drifta og nøkternheit i investeringsnivåa for å hindre uhandterleg vekst i lånegjelda. Den auka rentebelastninga i kommunen si drift er allereie godt merkbar.

Revidert nasjonalbudsjett i mai og forslaget til statsbudsjett 6. oktober syner at det blir tøffare å nå økonomiske målsetningar for kommunen i åra som kjem. Auka rammer demmer så langt ikkje opp for auken i samla rentekostnader, løns- og prisvekst.

Samla kostnadsvekst i 2022 blir vesentleg høgare enn forutsett i budsjettarbeidet hausten 2021. Så langt viser periodisert budsjett og prognosar for året at ein gjennom den gledeleg auka skatteinntangen i kommunen også i 2022 - og dermed vekst i samla frie inntekter - har ambisjon og håp om å klare å balansere 2022-rekneskapen utan ytterlegare bruk av disposisjonsfond.

## Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Budsjett hiå.	Rekneskap hiå.	Avvik hiå.	Avvik i % hiå.	Budsjett 2022
Sum generelle driftsinntekter	-332 227	-345 853	13 625	4,1 %	-530 639
Avskrivinger	13 137	14 707	-1 569	-11,9 %	19 713
Motpost avskrivninger	-18 330	-21 337	3 008	16,4 %	-27 505
Netto finansutgifter	4 302	7 809	-3 507	-81,5 %	25 870
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	970	0	970	100,0 %	1 976
<b>Til disposisjon</b>	<b>-332 148</b>	<b>-344 674</b>	<b>12 526</b>	<b>3,8 %</b>	<b>-510 585</b>
Sentraladministrasjon	49 543	47 502	2 041	4,1 %	75 390
Skule og kultur	121 978	121 501	477	0,4 %	186 883
Helse og sosial	137 954	145 679	-7 725	-5,6 %	213 530
Samfunnsutvikling	27 257	28 935	-1 678	-6,2 %	34 780
Skattar, rammetilskot og finans	262	115	147	56,0 %	2
<b>Sum disponering</b>	<b>336 995</b>	<b>343 732</b>	<b>-6 737</b>	<b>-2,0 %</b>	<b>510 585</b>
<b>Meirforbruk /mindreforbruk</b>	<b>4 847</b>	<b>-942</b>	<b>5 789</b>	<b>119,4 %</b>	<b>0</b>

Tabellen over viser samla driftsrekneskap pr. 2. tertial 2022 målt mot periodisert budsjett for same periode. I tillegg viser siste kolonne samla årsbudsjett etter justeringane vedtekne i kommunestyret i september 2022.

Årsbudsjettet er forsøkt periodisert slik at påløpt kostnadsbruk skal harmonere med budsjettet. Vi meiner kvaliteten på periodiseringa er bra, men ikkje fullkomen. Nederste linje ("Meirforbruk/mindreforbruk") viser at periodisert budsjett pr. august "tillèt" eit meirforbruk på 4,847 mill. Rekneskapen for same periode viser eit mindreforbruk på 0,942 mill. Med andre ord eit "positivt avvik" på 5,789 mill. Samla sett greie og gode tal som signaliserer kontroll på rammene og drifta.

Også i 2022 har skatteinngangen så langt vore veldig god og større enn forutsett. Staten "samordnar" dei frie inntektene (rammeoverføring og skatteinntekter) kommunane får overført, dvs. dersom skatteinngangen for kommunen aukar, reduserer Staten delvis størrelsen på rammeoverføringa. Så langt i år er dei frie inntektene 13,625 mill. høgare enn periodisert budsjett og hjelper (som dei skal og bør) til med å dekke løns- og prisvekst og renteauke.

Sjølv om "Samfunnsutvikling" har det prosentvis høgste meirforbruket med sine 1,678 mill. er den store overskridinga på "Helse og sosial" med 7,725 mill. Den største sektoren har fortsatt betydeleg utfordringar med å bemanne vakante stillingar og skaffe tilsette til midlertidige stillingar (fødselspermisjonar, langtidssjukmelde). Dette er løyst med "kjøpte vikartenester" som er ein vesentleg meirkostnad i forhold til det budsjetterte. Hovedforklaringa til avviket i sektoren finn ein her.

Samla meirinntekter "Til disposisjon" på 12,526 mill. er likevel høgare enn samla meirkostnad "Sum disponering" på 6,737 mill. Dermed er bildet av samla drift positivt med eit redusert mindreforbruk pr. august på 5,789 mill.

## Sjukefråvær

	Fråvær korttid	Fråvær langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,71 %	5,09 %	6,80 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,07 %	5,47 %	7,55 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,29 %	6,40 %	8,68 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,95 %	5,72 %	8,66 %
Sjukefråvær 2. tertial 2021	1,69 %	5,68 %	7,37 %
Sjukefråvær 2. tertial 2022	1,76 %	5,18 %	6,94 %

Samla fråvær per august 2022 i Stryn kommune er på 8,66 %, det same nivået som tilsvarande periode i 2021.

Fråværet i Stryn kommune var særskilt høgt i perioden januar (10,3%), februar (12,9%) og mars (10,6%) - ein periode der Stryn var råka av korona/influensa. I månadene januar-august 2022 er det korttidsfråværet som forklarar auken i fråværet vs same periode i 2021. Korttidsfråværet var i januar-mars 2022 på hhv 4%, 6,2% og 4,3%. Dette er høgt, og reflekterer kommuneoverlegen si oppsummering av kommunen si handtering av Covid19 i same periode: "Fra og med uke 2 til og med uke 12 i 2022 registeret vi rundt 2500 smitta med covid-19 i kommunen. Flest registrerte smitta hadde vi i uke 5 med over 400 nye tilfeller. I perioden etter nyttår var det store flertallet av registreringer egenregistrerte positive egentester via vårt smittesystem REMIN. Det er sannsynlig at det reelle smittetallet disse ukene var nærme 3500 tilfelle".

Arbeidsgjevar forventar ein markant nedgang i korttidsfråværet i 2023 så sant det ikkje kjem ei ny periode med influensa ol som krev særskilte tiltak som medfører unormalt høgt sjukefråvær.

Fråværet spreier seg relativt jamt i alle aldersgruppene. Det er ei utfordring at fråværet også er høgt i dei yngre aldersgruppene; til dømes er 9% av alle avtalte dagsverk i aldersgruppa 31- 40 år uproduktive grunna sjukefråvær.

Fråværet er høgst i Helse og sosial (august 2022:10,1%), og der fråværet har auka med 1,8%-poeng i åra 2019-2021. Fråværet i Skule og kultur har auka mest i perioden 2019-2021, frå 5,47% til 8,48%, og ligg på 8,39% per august 2022. Innan denne sektoren er fråværet høgst i barnehagane (august 2022: 10,%). Fråværet i 2020 i barnehagane var på 8% og på 10,8% i 2021. I grunnskulen har fråværet auka frå 6,1% i

2021 til 7,1% i 2021. Korttidsfråværet forklarer ein stor del av denne auken. Td var korttidsfråværet i februar på heile 6,4% i grunnskulen.

Fråværet har gått ned på omsorgssenteret i Stryn i perioden jan-august frå 2021 (13,7%) til 2022 (12,5%), medan den har stabilisert seg i Vikane omsorgssenter på rundt 8,2%. Imidlertid har fråværet auka vesentleg i Miljø og velferd i same periode, frå 6,7% i 2021 til 11,5 i 2022. Ein ser ein auke i langtidsfråværet som må analyserast nærare før ein set i verk konkrete tiltak.

Det er avgjerande å arbeide vidare med tiltak som har som mål å halde langtidsfråværet nede gjennom aktiv forebygging/oppfølging for å hindre/forkorte sjukefråvær samt arbeide målretta for å senke korttidsfråværet gjennom fokus på godt og kommunikativt leiarskap, yrkeshygieniske tilhøve, organisatoriske tilhøve (arbeidsmiljø, rolleklarheit osv) , mm.

Det er nedsett ei tverrsektoriell arbeidsgruppe i kommunen med følgjande mandat:

- *Samle alle relevante data relatert til nærver og fråver i avdelingane*
- *Samle relevante innspel frå leiar, verneombod og tillitsvalde i avdelingane*
- *På bakgrunn av innsamla data og erfaringar, samt arbeidslivsforsking, utarbeide nokre få forslag til tiltak med forventa effekt på nærveret/fråveret.*

*Status i arbeidet skal leggst fram i Kvartalsmøtet og Amu. Tiltaka skal endeleg vedtakast i AMU/ADMU.*

Målet med dette arbeidet er både 1) å identifisere område ein kan førebygge på og 2) å etablere erfarings- og forskningsbaserte tiltak ein forventar vil gje effekt på kort og lang sikt. Dette arbeidet blir eit viktig supplement til det pågåande arbeidet i avdelingane. Der utgjer blant anna data frå medarbeidarundersøkinga 2022 eit viktig grunnlag for å byggje opp under tilhøve som fremjar helse og motsett - identifisere og motverke tilhøve som fremjar fråvær.

Gjennom leiarutviklingsprogrammet som no pågår, forventar leiinga eit meir heilskapleg og målretta arbeid som i sum skal påverke sjukefråværsprosenten.

Sjukefråværet er eit viktig tema både menneskeleg, organisatorisk og økonomisk. Utdjupande innsyn i statistikken og pågåande tiltak for å møte utviklinga vil difor bli drøfta også med politikarane i tida framover. Per dags dato har organisasjonen ikkje nådd målsettinga om ein relativ markant nedgang i sjukefråværet i 2022. Dette arbeidet pågår på mange nivå samtidig, frå organisatoriske tiltak (oppfølging av medarbeidar-undersøkinga), gruppetiltak (leiarutviklingsprogrammet) og individuelle tiltak (tilsett-leiar-tiltak/førebyggjande tiltak).

## Sjukefråvær per tenesteområde

Tenesteområde	Korttid	Langtid	Total	
	Korttid %	Langtid %	Samla fråvær %	2021
Sentraladministrasjon	2,34 %	2,71 %	5,04 %	5,12 %
Skule og kultur	3,28 %	5,11 %	8,39 %	8,48 %
Helse og sosial	2,77 %	7,30 %	10,08 %	10,29 %
Samfunnsutvikling	2,50 %	2,65 %	5,15 %	2,71 %
Skattar, rammetilskot og finans	0,00 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Sum tenesteområder	2,95 %	5,72 %	8,66 %	8,68 %

## Status investeringsprosjekt pr. 2. tertial

I rapporten er medtekne dei prosjekta som er av ein viss størrelse. Det er forsøkt visualisert historiske totaltal i "Totalbudsjett"-kolonnane samt det som er skjedd i år i kolonnane under "Budsjett for året".

### Andre investeringar

#### Sentraladministrasjon

#### Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Status framdrift	Rev. bud.	Rekneskap hiå.	
EPC - Alternativ 2	16 000	18 144	4K-2023	Iht. plan	0	564	Samla investeringsramme på 16 mill. ex. moms var budsjettert med 8 mill. i 2020 og 2021. Blir heilt ferdig i løpet av 2022, totalt brukt pr. august 14,4 mill. ex moms (18,1 mill. inkl. moms). Kun mindre kostnader gjenstår.
IKT Nordfjordnett - skifte fiberkabel	500	0	4K-2022	Forsinket	500	0	Skifte av kabel i regi av IKT Nordfjord-samarbeidet var planlagt gjennomført i vår, er utsett til hausten.
Tilknytning fjernvarme kommunale bygg i Innvik	8 125	0	4K-2023	Iht. plan	625	0	Planen er å sette dette i verk frå oktober månad på omsorgssenteret. Det resterande (skulen) er framleis under planlegging. Truleg kjem kostnadane på slutten av året 2022.
Øvrige investeringer	0	7 965		Ikkje vurdert	0	-29	
<b>Sum</b>	<b>24 625</b>	<b>26 109</b>			<b>1 125</b>	<b>535</b>	

## Skule og kultur

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Status framdrift	Rev. bud.	Rekneskap hiå.	Kommentar
Barnehage Loen	13 500	8 806	4K-2022	Iht. plan	12 500	8 652	Forventa ferdig seinast januar 2023. Prosjektet vil kome ut innanfor kostnadsramma på 13,5 mill. ex. moms.
Stryn ungdomsskule - forprosjekt for framtidig bruk av Stryn Ungdomsskule/nærmiljøanlegg	5 100	127	Ferdig	Ferdig	100	106	Prosjektinnhald og -forutsetningar har endra seg undervegs. Prosjektet jeld kun tilstandsanalyse av Stryn ungdomsskule. Budsjettposten er overført til prosjektet "Rehabilitering av Stryn ungdomsskule", vedteke i 2022 med oppstart 2023.
Øvrige investeringer	870	1 224		Ikkje vurdert	70	0	
<b>Sum</b>	<b>19 470</b>	<b>10 157</b>			<b>12 670</b>	<b>8 758</b>	

## Helse og sosial

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Status framdrift	Rev. bud.	Rekneskap hiå.	Kommentar
Ombygging Tonning Eigedom - brannsynspålegg	438	284	4K-2022	Iht. plan	438	284	Prosjektet er i rute og forventa ferdig i år.
Vikane omsorgssenter - rehabilitering	58 750	32 492	4K-2022	Iht. plan	48 750	26 680	Prosjektet er i rute og forventa ferdig i år.
Vikane/Stryn omsorgssenter – trådløst nett	200	207	4K-2022	Iht. plan	200	0	Kostnader blir plassert på prosjektet ved årets slutt.
Øvrige investeringer	1 000	806		Ikkje vurdert	0	6	
<b>Sum</b>	<b>60 388</b>	<b>33 789</b>			<b>49 388</b>	<b>26 970</b>	



## Samfunnsutvikling

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Status framdrift	Rev. bud.	Rekneskap hiå.	
Brannstasjon ytre eining	4 313	3 731	Ferdig	Ferdig	3 313	3 563	Utvik er forventa heilt ferdig i 2022. Ombygginga i Olden er fullført og alle kostnader medtekne pr. august.
Bygging veg med fortau Solvik - Leite	30 000	2 131	4K-2025	Forsinket	1 000	483	Prosjektet er klart for utlysning med oppstart våren 2023. Budsjettet forskyvd ihht planlagt framdrift.
Dam Langesetvatnet	13 625	382	4K-2022	Forsinket	625	235	Ventar på konsesjonsvurdering frå NVE. Forventa oppstart våren 2023.
Delfinansiering gangveg Loen - Solvik	18 000	657	4K-2023	Forsinket	0	51	Ventar på Fylkeskommunen (grunninnløysing, gjennomføringsavtale). Forventa oppstart våren 2023.
Elvaforebygging Sunndøla/Hjelledøla	7 000	0	4K-2025	Forsinket	0	0	Nesten i mål med alle nødvendige avtaler. Forventa oppstart hausten 2022.
Etablering av kommunalt bustadfelt	15 000	1 623	4K-2022	Iht. plan	0	201	Riseteigen: Ventar på skredsikringstiltak. Øvre Hogane: Pågåande reguleringsplanarbeid.
Gangveg Storelva Utvik	5 000	0	4K-2022	Forsinket	0	0	Forsinka på grunn av planprosess og grunninnløysing.
Grunninnløysing av areal i Olden - ved cruisekai (forskottering Nordfjord Havn)	0	4 558	4K-2022	Forsinket	0	2 088	Ein av grunneigarane har fått oppgjer. Ventar på endeleg avgjerder for dei øvrige. Ikkje budsjettert fordi dette er forskottering for Nordfjord Havn.
Grunninnløysing av veg og bustadfelt i Solvik, Loen	9 500	351	4K-2022	Iht. plan	9 500	292	Alle avtaler med grunneigarane er signerte.
Grunninnløysing, areal til bustad og næringsføremål	40 000	8 362	4K-2023	Iht. plan	15 000	3 953	Innløysing av Øvre Hogane er gjennomført. Riseteigen er i sluttfasen.
P 46220 Stryn MNP - Oppgradering Skarsmyrvegen	7 300	18 621	Ferdig	Ferdig	0	480	Samla kostnad på 18,6 mill. er brutto. Prosjektet har også inntekter gjennom sal av tomter på 6,7 mill., bruk av inv.fond på 2,2 mill. ekstra momskompensasjon på 2,4 mill. som gjer at netto prosjektkostnad vart lik budsjettert 7,3 mill. - med tilsvarende låneopptak.
Regulering av bustad- og næringsareal	2 000	126	4K-2025	Iht. plan	1 000	126	Avventar planavklaring på Ytreeide og i Olden.
Samlokalisering av brannstasjon og lokale for tekniske tenester og vaktmeister	77 000	739	4K-2025	Forsinket	1 000	402	Konsept er utarbeidd og lokalisering avklart. Fortsatt uavklart arealformål.
Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus - inkl. grunnkjøp	11 589	969	4K-2023	Forsinket	2 001	23	Planarbeid oppstarta. Bygging av ny veg av ventar godkjent reguleringsplan.
Øvrige investeringer	37 708	20 607		Ikkje vurdert	0	405	
<b>Sum</b>	<b>278 034</b>	<b>62 856</b>			<b>33 439</b>	<b>12 303</b>	

## Sjølvkost

## Samfunnsutvikling

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Status framdrift	Rev. bud.	Rekneskap hiå.	
Oppgradering av SD-anelgg VA	0	6 512	4K-2022	Ikkje vurdert	0	591	Prosjektet var budsjettert i 2017 og 2018 med 4,5 mill. netto. Budsjettala viser ikkje i Framsikt sidan det er før 2020. Prosjektet er no ferdig, med eit overforbruk.
Overtaking og oppgradering vasspumpestasjon Blakset	1 500	84	4K-2022	Iht. plan	1 500	84	Under arbeid
P 44082 Loen vassverk - oppgradering eksisterande VBA	3 250	374	4K-2022	Iht. plan	1 000	345	Under arbeid
P 44083 Loen vassverk - omlegging VA-leidningar og ny pumpestasjon Lovik	2 700	3 075	4K-2022	Ikkje vurdert	0	436	Ferdig
Utstyr VA - kamera med sonde, pipe mic, lekkasjesøk	500	429	4K-2022	Ikkje vurdert	0	87	Ferdig
Øvrige investeringer	40 794	49 215		Ikkje vurdert	0	112	
<b>Sum</b>	<b>48 744</b>	<b>59 689</b>			<b>2 500</b>	<b>1 655</b>	

## Folketalsutvikling pr. 2. Kvartal 2022

	2019	2020	2021	2022
<b>Folketal ved inngangen av kvartalet</b>	<b>7 167</b>	<b>7 130</b>	<b>7 118</b>	<b>7 207</b>
Fødde	60	68	64	25
Døde	60	55	48	26
<b>Fødselsoverskot</b>	<b>0</b>	<b>13</b>	<b>16</b>	<b>-1</b>
Innvandring	84	73	140	69
Utvandring	39	22	54	12
Innflytting, innanlands	149	195	200	79
Utflytting, innanlands	230	274	209	91
<b>Netto innvandring og flytting</b>	<b>-36</b>	<b>-28</b>	<b>77</b>	<b>45</b>
<b>Folkevekst</b>	<b>-37</b>	<b>-12</b>	<b>89</b>	<b>44</b>
<b>Folketalet ved utgangen av kvartalet</b>	<b>7 130</b>	<b>7 118</b>	<b>7 207</b>	<b>7 251</b>

Eit stabilt folketal i kommunen frå 1.1. til utgangen av første kvartal er etterfølgd av ein solid folketalvekst gjennom våren og sommaren. Ein auke frå 7.207 personar 1.1. til 7.251 ved utgangen av august er gledeleg. Imidlertid ser vi av tala at fødselsoverskotet så langt i år er negativt og at veksten derfor skuldast netto innvandring/flytting. Håpet er fortsatt eit positivt bilde når det gjeld fødselsoverskotet ved årets utgang og at det samla folketalet held fram å vekse i kommunen.

## Kommunen sine tenesteområder

## Sentraladministrasjon

## Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rev. bud hiå. 2022	Rekneskap hiå. 2022	Avvik hiå.	Avvik i % hiå.	Rev. bud. 2022	Forbruk i %	Avvik i kr
10-Politisk styring	3 144	3 185	-41	-1,3 %	4 399	72,4 %	1 214
11-Kommunedirektør	2 700	3 039	-338	-12,5 %	3 594	84,5 %	556
12-Økonomiavdeling	2 734	2 726	7	0,3 %	3 356	81,2 %	630
13-HR-avdeling	4 241	3 093	1 148	27,1 %	6 429	48,1 %	3 336
15-Bygg- og vedlikeholdsavdeling	23 650	22 366	1 284	5,4 %	34 819	64,2 %	12 453
16-Avdeling for service- og kommunikasjon	9 393	8 975	418	4,4 %	15 535	57,8 %	6 560
17-Fellestener	52	101	-49	-94,8 %	78	129,8 %	-23
18-Kyrkjelege fellestråd	3 629	4 017	-387	-10,7 %	7 179	55,9 %	3 163
<b>Sum</b>	<b>49 543</b>	<b>47 502</b>	<b>2 041</b>	<b>1,8 %</b>	<b>75 390</b>	<b>63,0 %</b>	<b>27 888</b>

## **Kommentar til status økonomi – dei enkelte tenesteområda**

### **Politisk styring**

Ligg samla sett innafor budsjetttramme.

### **Kommunedirektør**

Avdelinga har eit meirforbruk på løn knytt til kommuneoverlege, då vedtak om kommuneoverlege i 100 % har ikkje blitt budsjettregulert.

### **Økonomiavdeling**

Det er godt samsvar mellom periodisert budsjett og rekneskap pr. august 2022. Mindre avvik innanfor dei ulike kostnadsgruppene og inntekter er med bakgrunn i periodiseringsavvik og kostnader som skal fordelast internt ved årets slutt.

### **HR-avdeling**

HR-avdelinga har god budsjettkontroll og tett oppfølging av dei ulike postane

### **Bygg- og vedlikehaldsavdeling**

Forbruk i avdelinga ligg innafor budsjett.

### **Avdeling for service- og kommunikasjon**

Service kommunikasjon og IKT er delt i to tenesteområde; Servicekontor og IKT. Størstedelen av budsjettet på IKT er knytt til IKT Nordfjord og IKT Strategi. Tertialrapporten 2.tertial viser eit meirforbruk på IKT i høve budsjett for perioden på 177'. For Servicekontor eit underforbruk på 580' i høve til budsjett for perioden.

Tiltak for 2022 for ansvar 1190 Service kommunikasjon er samla under 12091IKT. Det er IKT Nordfjord og IKT Strategi som står som eigar av tiltaka for 2022

Prosjekta er i gang. Statusrapportering ligg føre ved årsslutt.

### **Kyrkjelege fellesråd**

Ligg på budsjett. Det variere gjennom året når utbetalingane går til Stryn kyrkjelege fellesråd.

## Status økonomiplan tiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Vedteke budsjett	Status	Beskriving av status
<b>Nye tiltak</b>			
Visit Nordfjord - prosjekt Berekraftig reisemål - Nordfjord (KS 95/21)	107	Ferdig	
AMU-tiltak	1000	Ferdig	Alle tiltaka er gjennomført.
<b>Sum</b>	<b>1107</b>		
<b>Sum tiltak</b>	<b>1107</b>		

## Skule og kultur

### Status økonomi

Beløp i 1000

Tenestoområde	Rev. bud hiå. 2022	Rekneskap hiå. 2022	Avvik hiå.	Avvik i % hiå.	Rev. bud. 2022	Forbruk i %	Avvik i kr
20-Administrasjon skole og kultur	2 560	2 393	167	6,5 %	4 210	56,8 %	1 817
21-Grunnskule	69 338	68 825	512	0,7 %	106 126	64,9 %	37 301
22-Skulefri	737	683	55	7,4 %	1 119	61,0 %	437
23-Barnehage	37 533	38 406	-874	-2,3 %	59 023	65,1 %	20 617
24-PPT	2 927	2 246	681	23,3 %	4 334	51,8 %	2 088
25-Vaksenopplæring	900	1 668	-768	-85,3 %	1 013	164,6 %	-654
27-Kultur	7 983	7 280	703	8,8 %	11 057	65,8 %	3 777
<b>Sum</b>	<b>121 978</b>	<b>121 501</b>	<b>477</b>	<b>0,4 %</b>	<b>186 883</b>	<b>65,0 %</b>	<b>65 382</b>

### Kommentar til status økonomi

#### Administrasjon skole og kultur

Administrasjonen ligg innanfor budsjett totalt sett. Men har noko overforbruk på løn og pensjonsinnskot. Det vil kome utgifter knytt til fellesutgifter.

#### Grunnskule

For grunnskule ligg ein akkurat på budsjett. Grunnskulane gjer stort sett store inn kjøp seint på våren og eventuelt i november ved rekneskapsavslutning. Derfor kan kostnadane variere gjennomåret og mellom einingane. Det har inneverande år kome på plass innkjøpsavtale for analoge og digitale læremiddel, så mange skular har gjort ein del store innkjøp i år for å møte måla i læreplanen. Ein er litt over budsjett på inntektene.

#### Skulefri

Skulefri er innanfor budsjettet. Det er eit overforbruk på løn, fordelt på fastløn og sjukefråvær. Jamnar dette ut med meir inntekter og at det er eit underforbruk i utgifter i høve budsjett per dato.

### Barnehage

Barnehagane ligg heilt i tråd med budsjett totalt. Dei kommunale barnehagane er litt under budsjett. Heilt likt i høve løn og inntekter. Opp mot private barnehagar ligg ein over budsjett, og vil mest truleg ligg eit par hundre tusen over budsjett til slutt. Dette er midlar vi må og skal utbetale. Manglande inntekter i høve budsjett er grunnen til at ein ligg ein del over budsjettet her. Både i fjor og i år ser det ut til at det er budsjettert med for høge inntekter ut frå det ein får av statstilskot til dette.

### PPT

PPT ligg bra under budsjett for perioden. Interne føringar av kostnadar vert gjort seinare på året så dette vil endre seg fram til rekneskapsavslutning.

### Vaksenopplæring

Eininga vert rigga kvart år ut frå at ein skal ta i mot eit bestemt tal flyktningar. Inneverande år er det no mellom anna 24 deltakrar frå Ukraina som det ikkje er motteke tilskot for. Det er omtrent det som manglar på inntektene per dato. Det er meldt at det kjem fleire flyktningar i løpet av siste del av 2022. Det vil auke inntektene, og føre til at ein kan klare å nå budsjettet. Lønsutgiftene held seg innanfor budsjett. På utgiftssida er ein så langt godt under budsjett.

### Kultur

Kultursektoren ligg totalt på budsjett sjølv om kultur også dette året lid av konsekvensar av korona. Det gjelder då særleg kulturhuset som har tildels store manglande inntekter. det vere seg på arrangement, kino og t.d. husleigeinntekter. I høve løn og utgifter ligg kulturhuset innanfor budsjett. Opp mot kinobesøk så ligg Stryn likt med gjennomsnittet i landet men har for lite inntekter. For å minske risikoen for tapte inntekter har kulturhuset lagt om utleiga i høve arrangement. Kulturhuset står då ikkje som arrangør og på den måten sikra inntekt, og sikrar seg mot å gå i minus på arrangementa. Biblioteket ligg akkurat på budsjett, og er per no litt over i betaling frå brukarane. Nokre driftsavtalar og driftstilskot er utbetalt i sin heilheit og blir ikkje fordelt utover året. Dette fører til at rekneskapa er "feil" per dato.

### Status økonomiplaniltak

#### Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Vedteke budsjett	Status	Beskriving av status
<b>Vedtak forrige periode</b>			
Prosjekt "Den naturlege skolesekken"	40	Ferdig	Den Naturleg skulesekken vart avslutta våren 2021, og har blitt vidareført ved ein feil.
<b>Sum</b>	<b>40</b>		
<b>Budsjettendring i år</b>			
Tilskot til Jostedalsbreen Nasjonalparksenter KS 43/21	350	Ferdig	Jostedalsbreen Nasjonalparksenter har fått utbetalt tilskotet for 2022. Tilskotet skal også utbetalst i 2023
<b>Sum</b>	<b>350</b>		
<b>Sum tiltak</b>	<b>390</b>		

## Helse og sosial

### Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rev. bud hiå. 2022	Rekneskap hiå. 2022	Avvik hiå.	Avvik i % hiå.	Rev. bud. 2022	Forbruk i %	Avvik i kr
30-Administrasjon helse og sosial	4 547	4 485	62	1,4 %	8 012	56,0 %	3 527
31-Flyktingtenesta	6 197	5 027	1 170	18,9 %	9 104	55,2 %	4 077
32-Pleie- og omsorg Vikane	25 204	26 058	-854	-3,4 %	39 205	66,5 %	13 147
33-Pleie- og omsorg Stryn	46 624	49 456	-2 831	-6,1 %	72 359	68,3 %	22 903
34-Miljø- og velferd	32 061	36 141	-4 079	-12,7 %	47 205	76,6 %	11 064
35-Helsetenester	20 450	19 865	585	2,9 %	33 173	59,9 %	13 308
36-Kommunale bustadar	-7 477	-6 298	-1 179	-15,8 %	-11 217	56,1 %	-4 919
37-Sosiale tenester (NAV)	4 571	5 025	-454	-9,9 %	6 972	72,1 %	1 948
38-Barnevern	5 775	5 921	-145	-2,5 %	8 717	67,9 %	2 796
<b>Sum</b>	<b>137 954</b>	<b>145 679</b>	<b>-7 725</b>	<b>-5,6 %</b>	<b>213 530</b>	<b>68,2 %</b>	<b>67 852</b>

### Kommentar til status økonomi

#### Administrasjon helse og sosial

Når utgifter og inntekter vert fordelt på året, vil adm.leiing vere innafor budsjett på årsbasis

#### Flyktingtenesta

Mindreforbruk på introduksjonstønad, men denne vil endre seg vesentlig i løpet av hausten 2022 då vi får mange fleire ukrainske flykningar i introduksjonsordninga. På årsbasis vil kostnad trulig vere i tråd med budsjett.

Ansvarsområdet har stort meirforbruk på inventar. Dette fordi det har vorte møblert mange bustader til flykningar. Denne kostnaden vil trulig vere større innan utgangen av året. Mogleg ansvarsområdet vil gå noko i meirforbruk ved årsskifte, men avviket vil ikkje vere vesentleg.

#### Pleie- og omsorg Vikane

Vikane omsorgssenter vil halde budsjett på årsbasis. Kjøp av vikartenester er vesentlig høgere kostnad enn budsjett, men fastløn er tilsvarande redusert.

#### Pleie- og omsorg Stryn

Gjeld 25300 og 25415. Stryn omsorgssenter har store utgifter til kjøp av vikarer og overtid. Dette skuldast personellmangel med rett kompetanse i vakter ved fråvær og vakanse. Det er noko mindre forbruk enn budsjett i fastløn. Det vil likevel ikkje vere denne kontoen som blir redusert dersom fråvær skuldast sjukefråvær eller svangerskapspermisjon. Her vil refusjon frå staten vere den viktigaste inntekta for å kompensere utgifter til vikar. Det vil likevel ikkje kunne dekke kjøp av vikarutgifter fullt ut .

I tillegg har PLO Stryn stort meirforbruk på overtid. Dette har også bakgrunn i mangel på kompetanse og bruk av egne tilsette utover 100% stilling.

PLO Stryn ligg an til eit overforbruk på ca 2 mill i h h til revidert budsjett.

### Miljø- og velferd

Eininga si hovudutfordring er å få dekkja inn vakante stillingar, særleg på helg. Pr i dag blir desse dekkja av fast personale som fører til budsjettsprekk innan lønnsutgifter både på overtid, kveld/natt og helgetillegg.

Miljø- og velferd ligg ca 4 mill over revidert budsjett. Det er lite som tyder på at denne overskriddinga kan takast inn i løpet av året.

### Helsetenester

#### Legetenestene

Vi ser ut til å holde oss innen budsjetttramme. Legevikarutgifter ligger på 2.700.000, men har generert ca. 900.000 i inntekt – reel utgift er kr 1.800.000 som er en markant nedgang frå i fjor. Utover det ingen spesielle merknadar.

#### Helsestasjonen

Bruker mindre på lønn en budsjettert, noe av dette skyldes nok at en del av stillingsandelen til jordmor nå er en kjøpt tjeneste av Helse Førde. Vi har kjøpt tjenester for 230.000 – dette er det ikke budsjettert for. Ser ut til å holde budsjetttrammene.

#### Fysio- og ergoterapi

Ingenting spesielt å melde. Men her også brukes det mindre på lønn enn budsjettert.

#### Helsetenestene totalt

Ser ut til å halde budsjetttrammene.

### Kommunale bustadar

Det er mindre inntekter på kommunale bustadar enn budsjettert. Det stod ein del ledig tidligare i år, men no er dei fleste utleigde. I tillegg har vi noko mindreinntekt på bustader som var meint for einslege, som no vert brukt til familiar. Vi kan ikkje ta same husleie for ein familie som fire einskilde personar. Vi får difor månadeg tap på denne. Resultatet vil betre seg utover året, men vil ikkje kome i balanse.

### Sosiale tenester (NAV)

NAV har merforbruk på driftsavtaler grunna auka lisenser på fagprogrammet etter digitalisering av søknader, post ut m.m.

Sosialhjelp ligg ca. 500 000 over budsjett. Årsaka til dette er i all hovudsak mottak av flyktingar frå Ukraina. Flyktingane som kjem til Stryn får sosialhjelp som livsopphald dei fyrste månadene dei bur her, i påvente av oppstart av introduksjonsprogram og utbetaling av introduksjonsstønad. Dette kjem trulig til å auke ytterlegare utover hausten.

### Barnevern

Barnevern har hatt større utgifter innan hjelpetiltak i haust enn tidlegare på året. Pr. i dag ligg desse tenestene i mindreforbruk, men på årsbasis vil dei bli som budsjettert, eventuelt noko meirforbruk.

Lønnskostnader til barnevern (funksjon 24400) viser eit meirforbruk. Dette skuldast ei feilføring i budsjettet, noko som er retta for 2023. Det er sansynleg at rekneskapet vil vise eit meirforbruk ved slutten av året grunna denne feilen.



**Kostnader knytt til prosjektnummer:****Korona:**

Etaten har hatt kostnader knytt til pandemien på 3,6 mill. Dette er i hovudsak til lønn på grunn av fråvær i første halvdel av året, samt vaksineringsarbeid. Det har også gått ca. kr. 360 000 til husleie koronasenter og lagring av smittevernsutstyr

**Ukraina:**

Etaten har hatt kostnader knytt til Ukrainaflyktningar på ca 1,1 mill. Dette har i har i hovudsak gått til bustader til flyktningane. Viser elles til kommentar under Flyktningtenesta.

**Status økonomiplan tiltak****Rammeendringar i økonomiplanen**

<i>Beløp i 1000</i>			
<b>Tiltak</b>	<b>Vedteke budsjett</b>	<b>Status</b>	<b>Beskriving av status</b>
<b>Budsjettendring i år</b>			
Tilskot til Frivilligsentralen KS 60/21	210	Ferdig	Tilskot utbetalt til Frivilligsentralen
Auka budsjett for legekantoret - ny lønsordning fastleger KS 57/21	2500	Ferdig	Fastlegeavtaler er inngått
<b>Sum</b>	<b>2710</b>		
<b>Vedtak forrige periode</b>			
Leasingbil til dagtilbod for heimebuande demente Vikane	85	Ferdig	Inngått leasingavtale
Psykososialt kriseteam	120	Ferdig	Lagt i budsjett
Legeskot, 1,0 stilling sjukepleiar	653	Ferdig	Tilsett sjukepleier i 100% stilling
Trygghetsalarm	673	Ferdig	Ny kostnad ved omorganisering av Alarmsentralen. Blir betalt til sentralen årleg
Rekruttere og behalde fastlegar	1500	Ferdig	Fastelegeavtaler er inngått
<b>Sum</b>	<b>3031</b>		
<b>Nye tiltak</b>			
Tilskot frå staten til 1,5 stilling i barneverntenesta fell vekk (PÅLAGT)	1124	Ferdig	Stillingane allereie i drifta
<b>Sum</b>	<b>1124</b>		
<b>Sum tiltak</b>	<b>6865</b>		

## Samfunnsutvikling

### Status økonomi

Beløp i 1000

Tenestoområde	Rev. bud hiå. 2022	Rekneskap hiå. 2022	Avvik hiå.	Avvik i % hiå.	Rev. bud. 2022	Forbruk i %	Avvik i kr
40-Teknisk drift	1 650	1 148	501	30,4 %	1 982	57,9 %	833
41-Kart og oppmåling	1 330	1 613	-283	-21,3 %	1 851	87,2 %	238
42-Plan	2 614	2 064	550	21,0 %	3 648	56,6 %	1 585
43-Brann- og ulykkesvern	4 752	5 227	-475	-10,0 %	6 862	76,2 %	1 635
44-Kommunalteknikk	12 055	13 841	-1 786	-14,8 %	15 130	91,5 %	1 289
45-Berekraft og næring	4 857	5 042	-185	-3,8 %	5 307	95,0 %	265
<b>Sum</b>	<b>27 257</b>	<b>28 935</b>	<b>-1 678</b>	<b>-6,2 %</b>	<b>33 632</b>	<b>83,2 %</b>	<b>5 845</b>

### Kommentar til status økonomi

#### Teknisk drift

Mindreforbruk på 501' er på grunn av mindreforbruk lønn.

#### Kart og oppmåling

Det er eit overforbruk hittil i år. Det har vore færre oppmålingssaker som har ført til mindre inntekt. Vi har brukt midlar på laserskanning av høgdedata. På eigedomsskatt er det overforbruk på grunn av advokatutgifter i samband med ei rettsak.

#### Plan

Det vart ikkje budsjettert på sjølvkostområda 30211 og 30111 for 2022, budsjettet ligg på tenestoområde 30210. Justering blir gjort i løpet av året. Totalt sett er det ingen store avvik.

#### Brann- og ulykkesvern

Overforbruket er same årsak som ved sist rapport.

Hovudsakeleg skuldast dette høgare utgifter i forhold til 110 vest.

Dette er av same årsak som ved sist rapport.

Det er sendt ein a konto faktura til Stad kommune i August. Dette beløpet kan det sjå ut som ikkje er ikomenn endå.

Planen er at vi sender ut til kommunane Stad og Gloppen ein a konto faktura 01.07. i kvart år, og deretter ved budsjett oppgjer.

Det er avtalt prosentfordeling etter folketal kva kvar kommune skal betale.

#### Kommunalteknikk

##### 33310 – Kommunale vegar

Overforbruk i høve budsjett pr. august, avvik 32,4 % hiå. Skuldast meirkostnad brøyting vår 2022 og reparasjonar av kommunale vegar og bru, auke i kostnad drivstoff.

##### 33510 – Park og grøntanlegg

Overforbruk i høve budsjett pr. august, avvik 10,7 % hiå. Skuldast auka kostnad drivstoff og vedlikehald av bilar og utstyr. Sjukmelding og mindre i sysselsetjingsprosjekt medfører innleige av tenester og utstyr.

34500 – Distribusjon av vatn

Overforbruk i høve budsjett pr. august, avvik 126,5 % hiå. Skuldast etterslep av vedlikehald på reduksjonsventilar, kummar og anlegg.

#### **Berekraft og næring**

På teneste 32910 er det eit overforbruk hittil i år på 1,7 mill. Det skuldast at tilskot etter kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder er ført til utbetaling på denne posten, medan overføringa frå kommunal-og distriktsdepartementet ikkje er ført på same måte.